

Sakspapir

| Saksbehandler | Arkiv | ArkivsakID |
|------------------|--------|------------|
| Magne Verpelstad | FE-212 | 22/204 |

| Saksnr | Utvalg | Type | Dato |
|----------|---------------|------|------------|
| 026/2023 | Formannskapet | PS | 06.06.2023 |
| 031/2023 | Kommunestyret | PS | 15.06.2023 |

Årsmelding og rekneskap 2022

Forslag til vedtak:

Modalen kommune sin årsmelding og årsrekneskap for 2022 vert godkjent slik dei ligg føre.

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Kommunestyret skal sjølv vedta årsrekneskapen og årsmeldinga, jfr Kommuneleva § 14-2 bokstav b.

Formannskapet gjev innstilling til vedtak om årsmelding og årsrekneskap. Kontrollutvalet skal gje fråsegn om årsmelding og årsrekneskap før formannskapet gjev innstilling til vedtak, jfr Kommuneleva § 14-3, 3. ledd.

Vurdering

Driftsrekneskapen er avslutta med eit netto driftsresultat på kr 8,75 millionar. Rekneskapen er saldert mot disposisjonsfond. Det e ikkje noko meirforbruk som vert framført til inndekning i seinare år.

Investeringsrekneskapen er avslutta, fullt finansiert innanfor gjeldande løyvingar, og ingen udekka beløp som skal dekkast seinare år.

Det vert vist til vedlagte rekneskaps- og årsmeldingsdokument for 2022, revisjonsmelding og – rapport frå Vestlandsrevisjon IKS, samt utskrift frå Kontrollutvalet si handsaming av saka, og deira uttale til årsmelding og årsrekneskap.

Konklusjon

Det vert tilrådd at Modalen kommune sin årsmelding og årsrekneskap for 2022 vert godkjent slik dei ligg føre.

Formannskapet - 026/2023

FOR - behandling:

Økonomisjef Magne Verpelstad orienterte om rekneskap og årsmelding for 2022, med særleg fokus på:

- Resultat 2022 er på kr 8,8 mill
- Resultat mot budsjett, med negativt avvik på kr 1,9 mill
- Utvikling av korr. netto driftsresultat; gjennomsnitt dei siste 10 åra er kr 4,97 mill
- Disposisjonsfond; det har vore ein negativ utvikling i disposisjonsfond og utanfor den langsiktige målsetjinga
- Lånegjeld per 31.12.22 er på kr 60,6 mill og innanfor målsetjinga om maks 60 %
- Ferdigstilling av investeringprosjekt for nytt kommunehus Flodmaal; ferdig innanfor rammeløyinga
- 2022 er siste år med konsesjonskraftinntekt.

Det var spørsmål frå formannskapet om auka kostnader kring interkommunale samarbeid, og rådmann orienterte kort om pågåande utviklingsarbeid her mellom anna knytt til;

- digitalisering og informasjonssikkerheit
- interkommunal avtale om legevaktssamarbeid
- IktNh

Det var drøfting i formannskapet omkring kostnadskutt eller inntektsauke, t.d. tiltak som kan gje varig inntekt, medlemskap i ikkje-lovpålagte tenester eller sal. Det var spørsmål kring moglegheiten for kjøp av kommunale bustader.

Samrøystes vedteke

FOR - vedtak:

Modalen kommune sin årsmelding og årsrekneskap for 2022 vert godkjent slik dei ligg føre.

Kommunestyret - 031/2023

KS - behandling:

Økonomisjef Magne Verpelstad orienterte om årsrekneskapen og årsmeldinga for 2022:

- Netto driftsresultat for 2022 er kr 8,8 mill, korrigert netto driftsresultat er kr 6,7 mill
- Disposisjonsfondet har hatt ein negativ utvikling dei siste fire åra
- Lånegjeld per 31.12.22 er på kr 60,6 mill, og er godt innanfor målsetjinga om maks 60 % av årleg driftsinntekt
- Budsjettområda; det er større avvik frå justert budsjett enn det ein har hatt tidlegare år for budsjettområda, og årsaker til avvika er omtala i årsmeldinga
- Investering; det er nokre avvik frå justert budsjett, og desse er omtala i årsmeldinga
- Sentrale innekstpostar har hatt ein mindre meirinntekt her
- Prosjektoversyn for investeringsrekneskapen

- Investering i annleggsmidar
- Ferdigstilling av investeringprosjekt for nytt kommunehus Flodmaal
- Likviditeten har framleis vore god
- 2022 er siste året med konsesjonskraftinntekt.

Rådmann svarte ut spørsmål innsendt i forkant av møtet om heimehjelp og tal brukarar av tenesta innan pleie- og omsorg.

Kommentar frå kommunestyret er at ein ber om meir detaljar i årsmeldinga om endringane kring justerte budsjettløyvingar og bakgrunn for meirforbruk.

Samrøystes vedteke

KS - vedtak:

Modalen kommune sin årsmelding og årsrekneskap for 2022 vert godkjent slik dei ligg føre.

Vedlegg:

Årsmelding 2022 Modalen kommune

Rekneskapsdokument 2022 Modalen kommune

Vestlandsrevisjon IKS - revisjonsmelding Modalen kommune 2022

Vestlandsrevisjon IKS - revisjonsrapport Modalen kommune 2022

Kontrollutvalet - møteutskrift og uttale til årsmelding og årsrekneskap 2022